

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 22/2003

av 14. mars 2003

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2002 av 6. desember 2002⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2002/455/EF av 13. juni 2002 om endring av vedtak 2001/881/EF med omsyn til lista over dei grensekontrollstasjonane som er godkjende til å føre veterinærkontroll med dyr og animalske produkt frå tredjestatar⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Denne avgjerda gjeld ikkje for Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg I kapittel I del 1.2 nr. 39 (kommisjonsvedtak 2001/881/EF) i avtala vert følgjande lagt til:

“, endra ved:

- **32002 D 0455:** Kommisjonsvedtak 2002/455/EF av 13. juni 2002 (TEF L 155 av 14.6.2002, s. 59).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2002/455/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 38 av 13.2.2003, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 9 av 13.2.2003, s. 2.

⁽²⁾ TEF L 155 av 14.6.2002, s. 59.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 14. mars 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.